



Notat

Dato: 23.06.2016
Arkivsak: 2015/10661-160
Saksbehandlar: maraskv

Til: Ronny B. Skaar

Frå: Marianne Ose Askvik

UKM Hordaland 2016 - rekneskap

I dette dokumentet følgjer forklaring til kvar post i budsjettet på kvifor differansen mellom budsjett og rekneskapen for UKM Hordaland 2016 ikkje er i balanse.

Inntekter

Kva: Deltakarpris.

Årsak: Kvar kommune betalar 700 kroner for kvar deltakar dei sender til UKM-festivalen i Hordaland I budsjettet la ein inn like mange deltakarar som var tilstade på UKM fylkesmønstringa i 2015. Under UKM-festivalen i Hordaland 2016 var det færre deltakarar tilstade enn i 2015. Påmeldte UKM-deltakarar totalt sett i Hordaland (påmeldte til den einskilde lokalmønstring) i 2015 var og noko høgare enn det var i 2016. I 2016 var fyrste året UKM Hordaland gjennomførte «prinsipp for deltaking». Dette kan vere ein årsak til at nokre kommunar ikkje sendte like mange deltakarar i 2016 som dei gjorde i 2015. Med «prinsipp for deltaking» var det krav om at kommunane måtte ha med ein reiseleiar per 10.deltakar. Tilbakemeldingar frå einskilde kommunar var at det var vanskeleg å få tak i vaksne reiseleiarar. Det var få kommunekontaktar i UKM som sjølv tok på seg denne oppgåva. For 2017 er det inngått avtale med Hordaland Røde Kors (ref. ePhorte: 2016/9494-8). Frivillige frå denne organisasjonen vil vere tilstade på overnattingsstaden 14 timar per døgn (20:00 – 10:00). Med dette samarbeidet vil det ikkje vere naudsynt at kommunane må stille med reiseleiarar på kveld og natt. Dette kan medføre til at kommunar sender fleire UKM-deltakarar til UKM-festivalen i Hordaland 2017.

Differanse: - 46 200 kroner

Kva: Billettinntekter

Årsak: Billettpris / festivalpass: 100 kroner. Det kom fleire publikummarar i år enn det gjorde i fjor, men det var færre betalande publikum enn budsjettert. Det vil si at vi fekk ei auke i publikummarane under 20 år, som får gratis inngang. Dette er ei positiv utvikling, samtidig som det er overraskande at det kom færre publikummarar over 20 år (foreldre / besteforeldre).

Differanse: - 21 000 kroner

Kva: Kulturkort for ungdom

Årsak: Søknad til Kulturdepartementet om å overføre restmidlane frå Kulturkort for ungdom til UKM Hordaland (ref ePhorte: 2015/10661-165) vart avslått med årsak at midlane var øyremerka Kulturkort for ungdom.

Differanse: - 48 515 kroner

Kva: Stimuleringsmidlar frå UKM Norge

Årsak: Vi søkte om stimuleringsmidlar til UA-workshop i mars, men fekk ikkje like mykje som det var søkt til.

Differanse: - 10 000 kroner

Kva: Budsjet HFK.

Årsak: 400 000 kroner til Ung Kultur Møtast (UKM) vart vedteken i Hordaland fylkeskommune sitt årsbudsjet for 2016 i fylkestinget 2015 (PS 95/2015).

Differanse: 0

Kva: Sparebankstiftelsen SR-Bank.

Årsak: Hordaland Fylkeskommune har fått ei gåve frå Sparebankstiftelsen SR-Bank som skal gå til arbeidet med UKM i Hordaland. Gåva er på storleik 500 000 kroner, fordelt likt over åra 2016 og 2017. Ref i ePhorte: 2015/3457.

Differanse: 0

Utgifter:

Kva: Honorar til produsent – AKKS Bergen.

Årsak: AKKS Bergen står som produsent for UKM-festivalen i Hordaland for åra 2016 og 2017. Ref i ePhorte: 2014/19504-76.

Differanse: 0

Kva: Leige av USF Verftet (inkl.mva)

Årsak: Samla utgift til USF Verftet gjeld både leige av Røkeriet søndag 13.mars i høve UA-workshop 11.-13.mars 2016 og leige av USF Verftet under UKM-festivalen i Hordaland 15.-17.april 2016. Ref i ePhorte: 2015/10661-21. Til UA-workshop vart det tildelt ei lågare sum av stimuleringsmidlar frå UKM Norge enn budsjettert. Laurdag 16.april og søndag 17.april tok det lenger tid enn estimert å bli ferdig med rydding av lokala. Dette førte til at USF-tilsette var tilstade på huset lenger enn det som vart venta, og som konsekvens vart det samla sett høgare leigepris for den helga.

Differanse: - 30 575 kroner

Kva: Bergen Backline

Årsak: Etter at alle kommunane i Hordaland hadde vidaresendt sine deltakarar i arrangørsystemet (10.mars 2016), såg ein behov for meir utstyr enn føreset for å dekke alle scene-deltakarane sine behov. For å unngå dette igjen, vart backline inkludert i anbodet om arena til UKM-festivalen 2017.

Differanse - 21 596 kroner

Kva: Ekstra teknikarar på arena

Årsak: Under UKM-festivalen i Hordaland ser ein det er eit sterkt behov for teknikarar som kjenner UKM-arrangementet. To lokale UKM-arrangørar med teknisk profesjonell kompetanse vart difor inkludert i UKM fylkesmønstringa i Hordaland 2015. Erfaringa frå 2015 var at denne kompetansen er naudsynt å ha tilstade på arrangementet som eit supplement med dei profesjonelle teknikarane som held til å arenaen. Eit UKM-arrangement skil seg ut på fleire vis: 1: Det er blanding av sjangrar på scena, som inneber rigging mellom kvart innslag på

scena. 2: Deltakarane er ungdom og dei fleste som deltek har ikkje vore på ei større scene før. Dei treng gode og trygge rammar rundt seg. 3: Deltakarane er ikkje profesjonelle og treng hjelp av profesjonelle for å bli klar for å gjere ei sceneopptreden. Dette krev fleire ressursar enn kva ein normalt kan forventa i eit profesjonelt arrangement.

Differanse: 0

Kva: Trivselsvakter

Årsak: Under UKM-festivalen er ein avhengig av frivillige og deltakarar i kategori «Ung Arrangør» (UA) til denne oppgåva. Ein trivselsvakt står i dørene og passar på at arrangementet går som planlagt. Vi budsjetterte i år med 2 trivselsvaktar som fekk lønn til denne oppgåva for å vere sikker på at vi hadde nok folk på huset i tidsrommet under framsyningane.

Differanse: 0

Kva: Cinemateket USF (inkl.mva)

Årsak: Alle som deltok i kategorien «Film» fekk vist fram sine filmar i Cinemateket, som er ei eiga kinosal på USF.

Differanse: 0

Kva: Kick-off

Årsak: For å markere starten på UKM-festivalen i Hordaland vart det arrangert eit Kick-off i Røkeriet på USF fredag 28.april. Eit band (Algofilia) og ei dansegruppe(B-Funky) var invitert til å opptre under dette arrangementet mot ei betaling på 500 kroner per person. Algofilia og B-Funky deltok under UKM i 2015.

Differanse: 0

Kva: Husband

Årsak: Vi har tidlegare opplevd under fylkesmønstringa at mange deltakarar står aleine med playback. Etter fylkesmønstringa i 2015 hadde vi eit ønske om å styrke deltakarane sin oppleving på scena ved å tilby dei eit band å spele med. Under festivalen i 2016 hadde vi eit profesjonelt husband bestående av fire musikarar som spelte på scena med utøvarane. Anskaffinga vart gjennomført som ei anbuds konkurranse. Ref i ePhorte: 2015/10661-6. Årsak til differansen var at det var behov for fleire øvingstimar enn kva som var estimert i budsjettet.

Differanse: - 2 311 kroner

Kva: Innkjøp til festivalen

Årsak: Innkjøp frå Aksess & Daylight AS gjeld klær og utstyr med UKM-logo til UKM-festivalen i Hordaland. Årsak til bruk av denne leverandør er at UKM Norge har avtale med dette selskapet.

Innkjøp frå Ebay gjeld kunst-trofé og Oscar-statuettar. Kunst-trofé vart delt ut til deltakarane i kategori «kunst» under opninga av kunstutstillinga 16.april i Sardinien, USF. Oscar-statuettar vart delt ut til deltakarane i kategori «film» under opninga av filmframsyninga 17.april i Cinemateket USF.

Frå tgr-stores.no vart det kjøpt inn diverse dekor til overnattingsplassen. Dette nytta UA-deltakarane til å pynte romma med.

Frå Clas Ohlson vart det kjøpt inn teip og klebemasse for å henge opp plakatar og ballongar.

Materiellpakka frå UKM Norge gjeld m.a. plakatar til marknadsføring og innlogging til instrato.no for tilpassing av materiell.

Årsak til differansen gjeld i hovudsak at det var fleire UA-deltakarar i 2016 enn det var i 2015. Som vanleg regel skal dei få t-skjortar og hettegenserar med UKM-logo slik at dei er synlege arrangørar under festivalen.

Differanse: - 10 395 kroner

Kva: Fagpanel

Årsak: UKM er ikkje ein konkurranse, det er ein møteplass. Deltakerane som vert sendt vidare skal gi eit bilete av kvaliteten, mangfaldet og breidda av kulturaktivitetane blant ungdom i kommunen/fylket. Det er ikkje mogleg å nytte reelle konkurransereglar under UKM. Frå ungdommar har vi fått tydelege tilbakemeldingar om at konkurranseaspektet i UKM må tonast ned. Under UKM-festivalen i Hordaland har vi fagpanel for kategoriane musikk / teater / konferansier / anna, eit fagpanel for dans, fagpanel for litteratur, fagpanel for film, og fagpanel for kunst. Ved at alle deltakerane innan same kategori vert vurdert av eitt fagpanel vert det høve for å sikre at breidda av det unge kulturlivet i fylket vert presentert på landsfestivalen. I tillegg vil fagpanelet skrive ei tilbakemelding til kvar deltakar/gruppe som fylkeskontakten sendar til lokalarrangørane per e-post.

Årsak til differanse er at reisekostnadar til dei involverte ikkje vart rekna inn i budsjettet. Ein av representantane i fagpanelet la ved kvitteringar frå reise med Bybanen.

Differanse: - 72 kroner

Kva: Overnatting 15.-17.april

Årsak: I 2016 starta vi opp med prinsipp for deltaking for alle UKM-deltakarane. Dette vil si at for at deltakarane kunne bli vurdert til å verte Hordaland sine representantar under landsfestivalen i UKM, måtte i prinsippet alle deltakerane vere tilstade under UKM-festivalen i Hordaland frå fredag kveld til siste framsyning søndag. Stad for overnatting vart i Haugeveien 28 som er Bergen tekniske fagskole sine lokalar. I budsjettet estimerte ein med at dette ville medføre ein kostnad på 10 000 kroner. Totalkostnaden kom likevel på 32 956 kroner. Hovudårsaken til denne auke var kravet frå Bergen tekniske fagskole om at HFK betalte for vakthald (Securitas) på arena.

Differanse: - 22 956 kroner

Kva: Mat, drikke og tilbehør 15.-17.april

Årsak: Innkjøp av mat og drikke til alle involverte (deltakarar, reiseleiarar, produsent og frivillige). I tillegg vart det kjøpe inn pappkrus og –fat til måltida i Haugeveien 28. Den største kostnaden er USF Kippers som gjeld middagsserveringa på USF laurdag 16.april. Det var ikkje høve for å nytte andre leverandørar til middag på USF. Det var heller ikkje høve til å ha middagen på overnattingsstaden ettersom middagen vert servert under same tidspunkt som framsyningane (middag vart servert i tidsrommet 16:00 – 19:00). Hovudårsaka til differansen (der vi går i pluss) er at vi fekk 25 % avslag på faktura frå USF Kippers. Dette grunna klager på maten.

Differanse: 19 310 kroner

Kva: HD-buss 15.-17.april

Årsak: UKM Norge hadde i 2016 avtale med 3 partar om HD-bussar i Noreg. Ein HD-buss inneheld alt utstyr ein treng for å gjennomføre ein livestreaming under UKM-festivalen. I Bergen er det Petter Henriksen som eig den aktuelle HD-bussen og det vart difor gjort avtale med Petter for 15.-17.april 2016.

Differanse: 0

Kva: Redaktørar UKM-Media

Årsak: I kategori «Media» har det dei siste åra vore svært låge tal på UKM-deltakarar i Hordaland. For å vere sikker på å ha tilstrekkeleg med deltakarar i denne kategorien vart det inngått

samarbeid med Nordahl Grieg vidaregåande skule. 12 elevar frå denne skulen deltok i denne kategorien. Gjennom heile festival-helga tok dei bilete av deltakarar (både foran og bak scena), gjennomførte intervju (både tekst og video) og aktivitet på UKM Hordaland i sosiale medium. Som del av avtalen med skulen, vart 2 lærarar med som redaktørar for deltakarane mot at dei fekk lønn. Denne kostnaden vart ikkje rekna inn i budsjettet, då dette ikkje vart eit krav i samarbeidet med BPG i 2015. Resultatet av samarbeidet med Nordahl Grieg vidaregåande skule var produksjon av fleire nyhendesaker på ukm.no/hordaland og sosiale medium. For UKM-festivalen i Hordaland 2017 vil det vere samarbeid med Hyssingen produksjonsskole. Ein workshop for media-deltakarane (2 dagar) er rekna inn i budsjettet for 2017. Med ein slik workshop vil det ikkje vere naudsynt med lærarar tilstade.

Differanse: - 20 160

Kva: UA-workshop 11.-13.mars

Årsak: Under fylkesmønstringa av UKM Hordaland 2015 hadde vi 13 UA-deltakarar (Unge Arrangørar). Evalueringa her viste at det var behov for ei samling av alle UA-deltakarar i forkant av arrangementet slik at alle deltakarar hadde høve til å bli kjent med både kvarandre og arrangementet.. Med ei samling i forkant kunne UA kunne få meir eigarskap til arrangementet, kome med eigne forslag til sosiale aktiviteter og lage vaktlista i fellesskap. Vi tok kontakt med Åsa Thalinson (UA-ansvarleg i UKM Norge) om ho og/eller andre frå UA-nettverket i UKM Norge hadde høve til å kome og gjennomføre ein slik workshop. Resultatet ble til at 3 vaksne, inkludert Thalinson, kom frå Trondheim til Bergen og gjennomførte ein workshop som vart delt inn i 2 kategoriar: "Sceneteknisk" og "vertskap". Både fylkeskontakt og produsent i UKM Hordaland var tilstade hele helgen. av 24 påmeldte UA-deltakarar var det 13 som stilte opp denne helga. Til 2017 ser ein behov for at denne helga vert obligatorisk og at denne vert informert direkte til UA-deltakarane – ikkje berre til kommunane. Overnatting for deltakerne i 2016 var på et vandrehjem i Bergen sentrum (Marken Gjestehus, ref i ePhorte: 2015/10661-22), og sosiale aktiviteter på kveldstid ble arrangert. Evaluering i etterkant viser at workshop-helga var svært nyttig og vil verte vidareført til 2017. Årsak til differanse i 2016 er at flyreise og hotellopphald for 3 vaksne frå Trondheim vart større enn estimert. I tillegg vart overnatting for deltakarane fyrst tiltenkt å vere ordna privat. Til neste år vil produsent og fylkeskontakt for UKM Hordaland ta ansvar for UA-workshop. Det vil ikkje vere eksterne involverte i prosjektet. Husleige vert i tillegg lågare då USF ikkje vert nytta på same måte som i 2016. Heile gruppa vil i 2017 få ein omvising på USF, men dette vil ikkje følgje med ein kostnad.

Differanse: - 18 228 kroner

Kva: Workshops 16. og 17.april

Årsak: Alle UKM-deltakarane fekk tilbod om å delta på workshops innan ulike kategoriar 16. og 17.april. Workshops vart innført i 2015 for å gi eit tilbod til alle deltakarane om å lære noko nytt, møte andre som likar å gjere det same og ha det moro. I forkant av festival-helga i 2016 vart det sendt ut informasjon om alle workshops med eit interesseskjema. Med dette interesseskjemaet som dei fleste deltakarane skreiv inn i (kva workshop dei ønskja å delta på), fekk vi eit estimat på kor mange deltakarar den einskilde workshop kom til å ha, og kunne då plassere workshops i høvelege rom. Ein workshop fekk så stor interesse at det ikkje var plass til alle deltakarane som hadde ønskje om å delta på denne. Denne workshop vart difor utvida til å gjelde både 16. og 17.april, og ikkje berre 16.april. Dette utgjør hovudårsaka til differansen i rekneskapen.

Differanse: - 6 389

Kva: Reise og opphald Trondheim

- Årsak: Denne posten gjeld reise og opphald for alle UKM-deltakarane som representerte Hordaland under UKM-festivalen i Trondheim (landsfestivalen) 24.-28.juni 2016, i tillegg til 4 vaksne reiseleiarar og fylkeskontakt. Kwart fylke betalar like mykje for denne reisa og det er fyrst når UKM Norge har revidert heile reiseoppgjøret nasjonalt (august/september) at kvart fylke veit kor mykje ein må betale eller ein får betalt attende. Dette er ein av årsakane til differansen. Ein annan årsak er at det i budsjettet ikkje vart medrekna feriepengar og arbeidsgivaravgift til reiseleiarane (1000 kroner per dag, lønnsfattakarar).
- Differanse: - 11 979
- Kva: Faktura frå UKM Norge vedr. materialpakke
- Årsak: Frå og med 2016 har UKM Norge innført endringar når det gjeld tinging av materiell for kommunar og fylkeskommunar. Kvar kommune må no sjølv gå inn i arrangørsystemet på ukm.no og velje kva utstyr o.a. ein ønskjer til sitt UKM-arbeid. For å kunne arrangere UKM lokalt og regionalt er det krav frå UKM Norge å betale ein grunnkostnad (1000 kroner per mønstring / festival). Med denne endringa var Hordaland ein av fleire fylkeskommunar som valte å betale grunnkostnaden for kommunane sine materialpakkar (1000 kroner) til UKM Norge. Ettersom desse pakkane gjeld for UKM-arbeidet i 2017 vart det ikkje venta at denne fakturaen skulle kome til HFK før i januar 2017. Med 16 lokalmønstringar i Hordaland (fleire kommunar som samarbeider om felles mønstring) og eigen festival, vart totalsummen for denne rekninga 17 000 kroner.
- Differanse: - 17 000 kroner